

Medisinske opplysningar

Namn:

Fødselsdato:

Telefon:

Adresse:

Pårørande:

Telefon:

Adresse:

Kontaktinformasjon

Fastlege:

Oksygensjukepleiar i Helse Førde : 41530549/57751000

Medisinsk poliklinikk i Førde: 57839329

Lokal oksygenkontakt i kommunen:

Legevakt: 116117

Akutt hjelp: 113

Brann: 110

Bestilling av oksygen : 948 05 344

Medisinsk heimebehandling Helse Førde

Medisinske opplysningar:

Bakgrunnsdiagnose for oksygenbehandling:

Viktige bidiagnosar:

Blodgass i kvile v/oppstart utan oksygen: _____ med oksygen _____ l/min:

Dersom oksygenbehandlinga skal ha langtidseffekt bør du bruke det minst 16 timar i døgnet, gjerne meir

Oksygen dosering:

Kvile: _____ Natt: _____ Aktivitet: _____ Fly: _____

Følg oksygendoseringa og ver nøye med å auke oksygendoseringa som avtalt under aktivitet.

I risikosone for å utvikle CO₂ opphoping JA NEI

Dersom ja; Ver varsam med å auke oksygendoseringa under akutt sjukdom utan å ha tilgang på blodgass målingar.

Viktige tiltak og observasjonar ved akutt forverring:

Forverring av tilstanden:

Generelle teikn på forverring med eller utan økt slimproduksjon

- Meir tungpusta enn vanleg
- Søv dårligare og vaknar opp på grunn av problem med pusten
- Høgare puls
- Eventuelt feber
- Hevelse i anklane

Faresignal:

- Meir døsig enn vanleg
- Aukande konsentrasjons og hukommelsesproblem
- Problem med å snakke på grunn av tungpust
- Blåfarga fingrar og/eller lepper

Dersom nokre av desse symptoma oppstår:

Sjekk at oksygenutstyret ditt fungerer slik det skal.

Ta kontakt med fastlege eller legevakt – eventuelt lungelege/sjukepleiar på medisinsk poliklinikk i Florø (telefon 57751000/41 53 05 49) eller Førde (telefon 578 39 329)

KOLS EIGENBEHANDLINGSPLAN

Pasientnamn: _____

Født: _____

Medisinar for kols:

Her skrives pasientens medisiner for kols.

	SYMPTOMER	MEDISINAR	ANDRE TILTAK
Stabil fase	Som vanleg, eller noko variasjon frå dag til dag.	Ta medisin som anbefalt. Ta (korttidsvirkende medisin) før trening.	Aktivitet og trening som anbefalt.
Begynnende forverring	Aukande tung pust, begynnende forkjølelse, økt hoste og du kjenner deg dårligare enn du pleier.	Auk bruken av (korttidsvirkende medisin).	Ro ned tempo ved daglege aktivitetar. Oppretthald styrkeøvingar. Vurder arbeid og mosjon. Slimmobilisering. Obs farge og mengde. Hvis du ikkje er betre etter maksimum 2 dagar i gul sone, gå til rød sone eller kontakt lege.
Forverring	Dårlig effekt av inhalasjonsmedisinar. Du er dårlegare enn i gul sone med betydeleg pustebevær.	Ta inhalasjonsmedisinar som i gul sone. Start med kortisonkur slik:	Leppepust. Slimmobilisering. Roleg tempo ved daglege aktivitetar. Styrkeøvingar: f.eks. knestrek, knebøy, tåhev.
	Gult eller grønt slim. Du kjenner deg sjuk, evt. feber.	Start med antibiotika slik:	
	Ingen eller usikker effekt av behandling etter 2-3 dagar.		Kontakt lege eller legevakt.
Kritisk	Effekt av (korttidsvirkende medisin) mindre enn 30 minutt. Tung pust ved lett anstrengelse. Problem med å snakke i fulle setninger.	Ta korttidsvirkende medisin kvart 5. minutt inntil du får legehjelp. Ta ein ekstra dose kortisonletter slik:	Leppepust. Kvilestilling. Kontakt lege eller legevakt som øyeblikkeleg hjelp.

Navn og telefon fastlege: _____ Telefon legevakt: _____

dato: _____ Lege: _____ Sykepleier: _____

Standardmal: Kols egenbehandlingsplan - Kunnskapsbasert 2015 i Nasjonalt nettverk for fagprosedyrer. Opprettes i elektronisk pasientjournal. Tekst tilpasses individuelt. Fargeutskrift anbefales. Alle bokser i skjemaet lages slik at de utvides/redueres ved behov.

Konsultasjonsark

(Set kryss ved rett svaralternativ)

Dato: **Stad: Medisinsk poliklinikk:** **Heimebesøk:** . . .**SAO2 i kvile:****6 min gangtest med O2 tal liter:**Ganglengde: ved start SAO2 måling: lågaste SAO2 måling:
Kommentar:**Gangtest heime med O2 tal liter**Type aktivitet: ved start: SAO 2 måling: lågaste SAO 2 måling
Kommentar:**Blodgass med O2..... tal liter:****PO2:** **CO2** **utan O2.....****PH:****Allergiar eller lungemedisin som er forsøkt og ikkje tålt eller utan effekt:****FEV 1:** **PEF :** **BT:** **Puls:****KOLS Vurderingstest CAT****Poengsum frå 0-5 kor 5 angir mest symptom**

	Poeng	
Eg hostar aldri		Eg hostar heile tida
Eg har ikkje slim i brystet i det heile		Eg har brystet fylt av slim
Brystet kjennast ikkje tett i det heile		Brystet kjennast svært tett
Eg er ikkje anpusten når eg går opp ein bakke eller ei trapp mellom to etasjar		Eg er svært anpusten når eg går opp ein bakke
Eg blir ikkje begrensa ved nokon aktivitetar som eg gjer heime		Eg blir svært begrensa når eg utfører aktivitetar heime
Eg kjenner meg trygg når eg går ut trass i lungesjukdomen		Eg kjenner meg ikkje trygg i det heile teke, når eg går ut grunna lungesjukdomen
Eg søv godt		Eg søv ikkje godt på grunn av min lungesjukdom
Eg har mykje energi		Eg har ingen energi i det heile
Totalsum		

BMRC dyspnoe skala (kryss av ved rett svar)

Grad 0: Eg blir tungpustet bare når eg trener hardt.

Grad 1: Eg får andenød når eg skynder meg på flatmark eller i slakk motbakke

Grad 2: Eg er treigare enn de fleste på min alder på flatmark, eller eg må stoppe på grunn av tungpust når eg går i eige tempo på flatmark.

Grad 3: Eg må stoppe opp for å få igjen pusten etter ca 100 meters gange, eller etter nokre få minutt i mitt eige tempo på flatmark

Grad 4: Eg er så tungpusten at eg ikkje kjem meg ut av huset, eller blir tungpustet ved på- og avkledning

Hevelse i anklane:

Cyanose:

Influensavaksine:

Pneumokokkvaksine

Vekt:

høgde:

BMI

Behov for næringsdrikk

Aktivitetsnivå: (trapper, handling, husarbeid, hagearbeid, vedlikehaldsarbeid):

Trenings/aktivitetsplan:

Behov for tilvising fysio/ergoterapi: JA NEI

Merknadsfelt for brukaren si vurdering/kommentarar knytt til:

Eiga helse (fysisk, psykisk og sosialt):

Meistring av kvardagen:

Andre kommentarar:

**Merknadsfelt for heimesjukepleiar, fastlege, legevakt, oksygensjukepleiar
(akutte hendingar, forverring, medisinendring, biverknad og andre viktige beskjedar):**



Til deg som får utlevert oksygen frå Helse Førde

Helse Førde ivaretek bestillingstelefon, transport og levering av oksygenutstyr til pasientar som er heimebuande i SognogFjordane.

Telefonnummer for bestilling av oksygen er: 948 05 344

Forbruksmateriell:

Har du behov for brillekateter, mellomstykke, filter og slangar, skal dette bestillast på telefon 948 05 344 Du kan også bestille forbruksmateriell til inhalasjonsapparat på dette nummeret. Hugs å gje opp NØD nummer/varenummer som står i brukarpermen « MIN OKSYGENPERM» når du skal bestille.

Brillekateter bør bytast 1 gong i månaden, ev. oftare om du er forkjøla. Den grønne/blanke slangen bør bytast 1 gong i året eller ved behov.

Faglege spørsmål kan rettast til:

Oksygensjukepleiar i Helse Førde, telefon: **415 30 549**

Lungesjukepleiar i Helse Førde, telefon: **578 39329**

Det er oppretta kontaktperson (oksygenkontakt) i dei fleste kommunane i Sogn og Fjordane. Informasjon om kven denne personen er i din kommune får du enten av lungesjukepleiar, oksygensjukepleiar eller sjåføren som leverer oksygen til deg.

Ved feil på medisinsk utstyr:

Medisinsk Teknisk Avdeling har ansvar for reparasjonar av elektromedisinsk utstyr og flaskeventilar. Teknikar kan kontaktast på dagtid måndag til fredag på telefon nr: 948 05 344

Dersom det oppstår akutt problem med oksygenutstyret utanom kontortid, må du kontakte heimesjukepleie eller legevakt i eigen kommune.

Ved akutt alvorleg situasjon må du vurdere å ringe akutt naudnummer **113**.

Tilbakelevering:

Du kan låne det medisinske utstyret så lenge du har behov for dette. Oksygenflasker skal ikkje sendast som pakkepost. Returfrakt av oksygenflasker skal utførast av Helse Førde sin oksygentransport. Retur av oksygenkonsentrator skal avtalast med Medisinsk teknisk avdeling eller sjåfør

Når anna medisinsk utstyret skal returnerast, skal det pakkast forsvarleg og sendast til :

Medisinsk Teknisk Avdeling
Førde Sentralsjukehus

Svanehaugvegen 2
6812 Førde

(Brillekateter, slangar og anna forbruksmateriell skal IKKJE returnerast).

Sikkerheit og bruk

Oksygen (O₂) er eit legemiddel, og det er viktig at du følgjer den ordinerte oksygendoseringa. Den er tilpassa deg og ditt behov for oksygen. For høg oksygendosering kan føre til at det hopar seg opp karbondioksid (CO₂) i blodet ditt og du kan få karbondioksid forgifting. Difor er det særst viktig at du ikkje brukar høgare oksygendose enn det legen har bestemt, spesielt når du kviler og om natta. For best effekt bør du bruke oksygenet i rett dose minst 16 timar i døgnet, gjerne meir. Oksygenbehandlinga kan betre livskvaliteten din og føre til at du klarar dei daglege gjeremåla lettare. Du blir meir opplagt og hjernen fungerer betre.

Oksygenutstyret krev nøyaktig handtering, men dersom du fylgjer sikkerheitsreglane er det ingen fare med å bruke utstyret.

Sikkerheit

- Røyking er forbode i hus/rom der oksygen blir oppbevart eller er i bruk
- Avstanden til open eld og flamme skal være minst 2 meter
- Avstanden til brødristar, hårfønar, vifteovnar/ stråleovnar m.m. som er i bruk, skal være minst 2 meter på grunn av gnistfaren.
- **Ved brann - steng utstyret. Ring 110 Gi Beskjed til brannvesenet om eventuelle flasker. Gassflasker kjølast ned med vatn.**
- Utstyr som ikkje er i bruk skal være avstengt. Oksygen som strøymer ut på tekstilar, når det ikkje er i bruk, kan "mette" tekstilane og gjere dei lett antennelege og brannfarlege. Hår og skjegg kan også "mettast" av oksygen.
- Fett og olje i samband med oksygenbruk må unngåast. Fett kan sjølvantenne dersom det får kontakt med oksygen under trykk. Koplingar og ventilar må difor ikkje smørast med feitt, eller vaselin. Dersom du brukar ansikt og/eller handkrem, skal du bruke ein med lågt feittinnhald.
- Ta av nasebrilla og steng oksygentilførselen ved tenning og slokking av levende lys, og når du legg i peis og vedovn

Vanlege problem:

- Sår bak øyra: Forsøk med polstring, evt. endre stilling på nasekateteret, eller endre størrelse på nasebrille.
- Sår/tørr/skorpedannelse i nase: Mentholatum salve, alovera, nasespray med saltvann og alovera f.eks Rhinoil
- Rennande nase: saltvannsspray
- Støy frå konsentratoren: sett den på eit anna rom, evt. på ei gummimatte

- Plassering av utstyret: Sjå brukarretteiing for det utstyret du har fått.

Reise med oksygen

- Før lengre reiser rår vi til at du snakkar med legen din
- Ta kontakt med **Aga Healthcare eller Meditek** og/eller oksygensjukepleiar i god tid dersom du planlegg ei reise kor du treng levering av oksygen utanfor heimen din. Dette er for at reisa skal kunne gjennomførast trygt og utan problem.
- Det er ulike behov for planlegging om du reiser i Noreg eller du reiser til utlandet.
- Reise med fly, krev spesielle omsyn. Dei enkelte flyselskapa har ulike reglar som avgjer om du kan ta med din eigen berbare oksygenkonsentrator/flaske eller om du må leige utstyr av flyselskapet. **Ver merksam på at du ikkje kan ta med eige oksygenutstyr til utlandet. Ta kontakt med Aga eller Meditek så får du leige utstyr for reise til utlandet. Du kan søke helfo om refusjon for leige av oksygenutstyr til reise og opphald i utlandet.** Undersøk og avtal med flyselskapet i god tid før reisa. Sjå eiga brosjyre ”å reise med oksygen”

AGA healthcare kundesenter 81559095 Meditek 38098900

- Bestill gjerne assistanse på flyplassen
 - Unngå mellomlandingar om du kan
 - Ta med alle medisinar i handbagasjen
- Legeattest at det er nødvendig med oksygen ved flyreise**

Bilkøyring

- Er du oksygenbrukar og køyrer bil må du fylle visse helsekrav for kunne kjøyre sjølv.
- For å få kunne kjøyre må oksygentrykket i blodet ditt vere over 7.3 kPa med oksygen ,og CO₂ verdien må ikkje vere for høg. Lungelegen dokumenterar i journal om du kan kjøyre sjølv med oksygen, og du vert informert om dette
- Oksygenflaskene/kolbane skal vere forsvarleg festa.

Båt/ferjeruter

Undersøk med reiarlaget i god tid om det er spesielle reglar du må følgje.

OKSYGENKONSENTRATOR

Perfecto 2

Konsentratoren kan berre brukast med strøm.

Konsentratoren tek inn romluft.

Romlufta blir filtrert og konsentrert oksygen blir levert gjennom slangen til brukaren.

Bruk

- Til bruk innandørs med lang oksygenlange
- **Alarmen** går når ein slår på maskina, konsentratoren treng litt tid for å stille seg inn til å gje høg nok oksygendose, inntil 30 min
- **Alarmen** går også dersom det er knekk på slangen,.
- Ved **høg oksygendose** kan ein bruke **fukteflaske**. Effekten av ei slik fukteflaske er som regel liten og ulempene mange.

Dersom det er temperatur- forskjell i rommet der konsentratoren står og der brukaren er, kan det danne seg **kondens** i slangen. Prøv å få ut vatnet ved å holde eine enden høgt opp, ev ned ei trapp.

Vedlikehald av oksygenkonsentratoren

- Tørk av utvendige flater ved behov.
- Støvsug luftinntak ein gong i veka.
- Opne filterdeksel og ta ut filteret.
- Støvsug filteret og vask det i mildt såpevatn.
- Skyll godt og la filteret lufttørke.
- Set inn ekstrafilteret og ta på dekselet.

Plassering

- Konsentratoren må plasserast i eit rom med **god ventilasjon** utan teppe på golvet og i god avstand til t.d. gardiner.
- Konsentratoren skal **ikkje stå på badet!**
- Konsentratoren må alltid stå **oppreist**.

Oksygenjukepleiar eller oksygen sjåfør sjekkar oksygenkonsentratoren og skiftar innvendig filter ved behov. Serviceintervall: 24 månader. Ved behov forhøg oksygendose kan ein sette saman tokonsentratorar eller få ein som gjev 9 l/min

Oksygen flow
0,5 – 5 liter

Streken midt på
kula for å gje
ordinert dose

**Alarm går om innstilling
under 0.5 L**



art. nr 10406

art nr 11901 15.2 m slange
art nr 11900 7 m slange
art nr 11903 nasebrille
art nr 11899 Mellomstykke



Ein kan ha inntil 15
meter slange mellom
konsentratoren og
brukaren.



Reingjering ein gong
for veka.

Revidert _____ Signatur _____

OKSYGENKONSENTRATOR

Everflo

Konsentratoren kan berre brukast med strøm.

Konsentratoren tek inn romluft.

Romlufta blir filtrert og konsentrert oksygen blir levert gjennom slangen til brukaren.

Bruk

- Til bruk innandørs med lang oksygenlange
- **Alarmen** går når ein slår på maskina, konsentratoren treng litt tid for å stille seg inn til å gje høg nok oksygendose.
- **Alarmen** går også dersom det er knekk på slangen.
- Ved **høg oksygendose** kan ein bruke **fukteflaske**, effekten av ei slik fukteflaske er som regel liten og ulempene mange.

Dersom det er temperatur- forskjell i rommet der konsentratoren står og der brukaren er, kan det danne seg **kondens** i slangen. Prøv å få ut vatnet ved å holde eine enden høgt opp, ev ned ei trapp.

Vedlikehald av oksygenkonsentratoren

- Tørk av utvendige flater ved behov.
- Støvsug luftinntak ein gong i veka.
- Opne filterdeksel og ta ut filteret.
- Støvsug filteret og vask det i mildt såpevatn. art nr 11901 15m slange
art nr 11899 Mellomstykke
art nr 11903 Brillekateter
- Skyll godt og la filteret lufttørke.
- Set inn ekstrafilteret og skru på dekselet.

Plassering

- Konsentratoren må plasserast i eit rom med **god ventilasjon** utan teppe på golvet og i god avstand til t.d. gardiner.
- Konsentratoren skal **ikkje stå på badet!**
- Konsentratoren må alltid stå **oppreist**.

Oksygensjukepleiar eller oksygen sjåfør sjekkar oksygenkonsentratoren og skiftar innvendigfilter ved behov. Service intervall : 24 månader
Ved behov for høg oksygendose kan ein sette saman to konsentratorar eller få ein som gjev 9 l/min.



Oksygen flow 0,5 – 5 liter
artikkel nr 11690

Streken midt på kula for ordinert dose



Slange til fukteflaske
Hugs dagleg reingjering av flaska.



Ein kan ha inntil 15 meter slange mellom konsentratoren og brukaren.



Reingjering ein gong for veka.

Revidert _____ Signatur _____

OKSYGENKONSENTRATOR

Platinum 9

Konsentratoren kan berre brukast med strøm.

Konsentratoren tek inn romluft.

Romlufta blir filtrert og konsentrert oksygen blir levert gjennom slangen til brukaren.

Bruk

- Til bruk innandørs med lang oksygenlange
- **Alarmer** går når ein slår på maskina, konsentratoren treng litt tid for å stille seg inn til å gje høg nok oksygendose, inntil 30 min.
- **Alarmer** går også dersom det er knekk på slangen.
- Ved **høg oksygendose** kan ein bruke **fukteflaske**, effekten av ei slik fukteflaske er som regel liten og ulempene mange.

Dersom det er temperatur- forskjell i rommet der konsentratoren står og der brukaren er, kan det danne seg **kondens** i slangen. Prøv å få ut vatnet ved å holde eine enden høgt opp, ev ned ei trapp.

Vedlikehald av oksygenkonsentratoren

- Tørk av utvendige flater ved behov.
- Støvsug luftinntak ein gong i veka.
- Opne filterdeksel og ta ut filteret.
- Støvsug filteret og vask det i mildt såpevatn.
- Skyll godt og la filteret lufttørke.
- Set inn ekstrafilteret og skru på dekselet.

Plassering

- Konsentratoren må plasserast i eit rom med **god ventilasjon** utan teppe på golvet og i god avstand til t.d. gardiner.
- Konsentratoren skal **ikkje stå på badet!**
- Konsentratoren må alltid stå **oppreist**.

Oksygenjukepleiar eller oksygen sjåfør sjekkar oksygenkonsentratoren og skiftar innvendig filter ved behov.

Serviceintervall: 24 månader

Oksygen flow
1– 9 liter

Streken midt på
kula for å gje
ordinert dose.

Gir alarm ved innstilling
under 0.5 L



art nr 10411

art nr 11901 15.2 m langslange
art nr 11903 Brillekateter
art nr 11899 Mellomstykke



Ein kan ha inntil 15
meter slange mellom
konsentratoren og
brukaren.



Reingjering ein gong
for veka.

HomeFill II

HomeFill systemet gjør det mulig å fylle oksygenflasker med komprimert oksygen for portabelt bruk

Du kan berre fylle flaskene når oksygenkonsentratoren er koblet til straum. Du kan også bruke oksygenkonsentratoren når du fyller flaskene. Max dosering er da 2.5 L på perfect O2 og 5 L på platinum 9

Sjå eigen brukarveiledning for fylling av flaskene

Sjå eigen brukarveiledning for bruk og vedlikahald av den stasjonære konsentratoren

Flaske 1 L med spareventil:

FYLLETID: 1 time 20 min

art nr 10402 flaske 1 L

Flaske 1.7 L med spareventil:

FYLLETID: 2 t 5 min

art nr 10404

art nr homefill kompressor 10405




Flasker med spareventil: max lengde på nasekateter 2.1 m og ingen forlengelseslange

Flaske med kontinuelig flow

1.7 L:

FYLLETID: 2 t 5 min

art nr 10403



Homefill flasker 1 L og 1.7 L

Filter rengjøres 1 gang i veka, vaskas og tørkast eller støvsuges
art nr

Revidert _____

Signatur _____

Homefill - flasker

Flaske med spareventil, varighet i timer og minutter

Spareventil innstilling	1	2	3	4	5	Kontinuerlig flow (2 l/min)	Fylletid
1 liter flaske	9:20	5:55	4:30	3:35	3:00	1:20	1:20
1.4 liter flaske	11:55	7:35	5:40	4:35	3:55	1:40	1:40
1.7 liter flaske	14:20	9:05	6:55	5:35	4:40	2:05	2:05

Flaske med kontinuerlig flow, varighet i timer og minutter

Flow	0.25	0.5	0.75	1.0	1.5	2.0	2.5	3	4	5	6	Fylletid
1.7 liter flaske	16	8	5:20	4	2:40	2	1:30	1:20	1	00:50	00:40	2:05



Bærbar veske



Ryggsekk til oksygenflaske

Forenklet brukerveiledning*

Invacare® | HomeFill® II






* Dette er en FORENKLET brukerveiledning. **FØR bruk er det er svært viktig å alltid lese komplett brukerveiledning som følger med produktet.** Ta kontakt med BHM dersom du mangler denne.

For mer informasjon om Invacares produkter, deler og tjenester, se gjerne vår hjemmeside www.invacare.no.



Yes, you can.®



1. Sett inn nettleidingen



2. Slå på oksygenkonsentratoren. Maks. dosering til bruker samtidig som fylling: **Perfect O₂**: 2,5 lpm / **Platinum 9**: 5 lpm
 Om ikke behov for dosering på nesekateter, settes flowmeteret på 1 lpm.



3. Koble sammen kompressoren og konsentratoren



4 a. For å fylle flaske med vanlig regulator, sett flowjustering til «0». Påse at lukkeventilen er i posisjon «ON».




4 b. For å fylle flaske med regulator for pulset og kontinuerlig flow, sett lukkeventilen i posisjon «OFF».



5. De grønne punktene på tilkoblingen må være synlige før flasken legges på.




6. Koble flasken forsiktig til tilkoblingen til Homefill II-kompressoren. Flasken er låst når det høres et klikk og de grønne punktene er usynlige.



7. Kontrollér innstillingen av flowmeteret på konsentratoren, og at dette samsvarer med din anbefalte dosering.

Perfect O₂ < 2,5 lpm / **Platinum 9** < 5 lpm




8. Slå på Homefill II. Det gule lyset «O2 under normalt» tennes. Fyllingen vil ikke starte før O2-renheten er over 90 %. Det kan ta inntil 10 min. etter at flasken er låst i Homefill før fyllingen starter og den grønne lampen «fyller» tennes.



9. Fylletid er ca. 2 t. for en flaske på 1,7 liter. Flaskens trykkmåler viser mengden. Flasken er full ved 2000 Psi og nålen peker helt mot høyre av det grønne området.



10. Når flasken er full, tennes det grønne lyset «Fullt» på kompressoren.



11. Kompressoren slutter å fylle når flasken er full. Den bør da slås helt av. Slå også av konsentratoren om det ikke er behov for O2 via nesekateter.



12. For å koble flasken fra Homefill II-kompressoren, dra ned metallringen på tilkoblingen mens du holder på flasken. Fjern så flasken.



13. Koble nesekateteret til flaskens oksygenuttak



14. På flasken for kontinuerlig flow, la lukkeventilen stå i åpen posisjon «ON». Justér flow etter din anbefalte dosering. For å stenge, sett flowjusteringen i posisjon «0».



15. På flasken med spareventil, justér flowposisjonen til din anbefalte dosering. For å stenge, sett flowjusteringen i posisjon «0». Flasken har også innstilling 2 L kontinuerlig flow.

Varighet på de ulike flaskene

Kontinuerlig flow, flaske 1,7L:

Innstilling flow	0,25	0,5	0,75	1	1,5	2	2,5	3	4	5	6
Varighet	16 t	8 t	5 t 20	4 t	2 t 40	2 t	1 t 30	1 t 20	1 t	50 min	40 min

Flaske 1 L, med spareventil:

Pulset flow	1	2	3	4	5
Varighet	9 t 50	5 t 40	4 t 15	3 t 30	3 t
Kontinuerlig flow	2				
Varighet	1 t 20				

Flaske 1,7 L, med spareventil:

Pulset flow	1	2	3	4	5
Varighet	15 t	8 t 40	6 t 30	5 t 20	4 t 40
Kontinuerlig flow	2				
Varighet	2 t				

Invacare AS
Grensesvingen 9
Postboks 6230 Etterstad
0603 Oslo - Norway
Telefon: +47 22 57 95 00
Telefaks: +47 22 57 95 01
E-mail: norway@invacare.com
www.invacare.no

© 2015 Invacare International Sàrl
All rights reserved.

All informasjon er korrekt ved trykktidspunkt. Invacare forbeholder retten til å endre produktspesifikasjoner uten videre konsultasjon.

HomeFill II user manual - NO - 06/2015

Ved spørsmål, ta kontakt med din avdeling for behandlingshjelpemidler.




Yes, you can.®

Mikroflowmeter

Med mikroflowmeteret kan ein fininnstille oksygenflow frå 0-0.75 L/MIN

KORLEIS KOBLE MIKROFLOWMETER TIL KONSENTRATOREN

1. Plasser det pedriatiske flowmeteret på eit bord.
2. Koble til ein 2.1 meter oksygenlange frå konsentratorens uttak til mikroflowmeteret sitt inntak.
3. Koble ein oksygenlange max 7.6 meter til mikroflowmeteret sitt uttak.
4. Fest den motsette delen av oksygenlangen til eit nasekateter ved hjelp av eit mellomstykke
5. Drei brytaren på mikroflowmeteret til full åpen stilling.
6. Slå på konsentratoren sin straumbrytar.
7. Set oksygenkonsentratoren på 2 l/min (Dersom kula "heng" fast koble frå slangen og set den på igjen så fell trykket i slangen og kula beveger seg)



INNSTILLING AV FLOW

Streken skal vere midt på kula for å gje rett dose. NB Flowen på konsentratorens flowmeter vil plassere seg under 2 L/min etter at mikroflowmeteret er installert og tatt i bruk.

TILBEHØR

Mellomstykke art nr 11899



7.6 meter lang slange art nr 11900

2.1 meter lang slange art nr 11552

Nasekateter barn 2.1 meter art nr 12140

Nasekateter vaksen 2.1 meter art nr 11903

VEDLIKEHALD

Utvedige flater reingjerast med ein mjuk fuktig klut

INOGEN G5

Mobil O2 konsentrator, liten og lett. Veier 2.1 kg lite

batteri og 2.6 kg med stort batteri. Supplement til

stasjonær O2 konsentrator.

Leverar oksygen med innstilling frå 1 – 6 med sparefunksjon.

Leverast i veske eller ryggsekk



Brillekateter varenummer:

11903 2.1 meter

11902 1.2 meter

7.1 meter lang slange

11900

Bruk.

Både med strøm, 12 V i bil eller båt, og med batteri.

Batteri kapasitet – to typer : 6.5 time og 13 timer

på Innstilling 1



Kan bruke inntil 7 m slange.

Er godkjent på flyreiser



Vedlikehold av oksygenkonsentratoren

Tørk av utvendige flater ved behov.

Opne filterdeksel ein gong for veka.

Støvsug filteret og vask det i mildt såpevatn.

Skyll godt og la det lufttørke.

Set filteret på plass igjen når det er tørt

Dersom konsentratoren har vært i bruk i kaldt og/eller vått vær, la den stå og gå ca 1 time for å tørke. Start den opp og la den gå 1 gang i uka om den ikke har vært i bruk.

Stasjonær oksygenkonsentrator er mest eigna til nattleg bruk, men Inogen G5 kan brukast om natta på korte overnattingsturar.

Varenavn Varenummer

Oksygenkonsentrator G5 13008

Inogen G5 batteri 8 celler 13080

Inogen G5 batteri 16 celler 13081

Inogen G5 Ekstern batterilader 13082

Inogen G5 Strømforsyning G5 (220volt) 13083

Inogen G5 bæreveske 13084

Inogen G5 ryggsekk 13085

Inogen G5 12 volts kabel 13086

Husk å bestille alt du trenger til denne konsentratoren, ikkje bare sjølve konsentratoren

INOGEN G 2

Mobil O2 konsentrator.

Supplement til stasjonær O2 konsentrator.

Leverer oksygen frå 1 – 6 liter med sparefunksjon.

Leverast i veske og med trille, ev ryggsekk.



Bruk

Både med strøm, 12 V i bil eller båt, og med batteri. Batteri kapasitet: 5.5 - 11 timer

Kan bruke inntil 7 m slange. vare nr 11900

Er godkjent på flyreiser.

Kan brukast om natta på korte overnattingsturar.

Stasjonær konsentrator er mest eigna om natta. Dersom den har vært i bruk i kaldt og/eller vått vær la den stå og gå ca 1 time for å tørke.

Ved sjeldan bruk må konsentratoren startast opp kvar 14 dag

Vedlikehald av oksygenkonsentratoren

Tørk av utvendige flater ved behov.

Opne filterdeksel ein gong for veka.

Støvsug filteret og vask det i mildt såpevatn.

Skyll godt og la det lufttørke.

Set filteret på plass igjen når det er tørt.



Filter

Batteri nivå



Filter



Brillekateter

2.1 meter vare nr 11903

1.2 meter vare nr 11902



INOGEN G3

Mobil O2 konsentrator, liten og lett. 2.2 kg

Supplement til stasjonær O2 konsentrator.

Leverar oksygen frå 1 – 4 liter med
sparefunksjon.

Inogen 3 high flow leverar til 5 L

Leverast i veske eller ryggsekk



vare nr
10408



Brillekateter
2.1 meter vare nr 11903
1.2 meter vare nr 11902
7.1 meter slange vare nr 11900

Bruk.

Både med strøm, 12 V i bil eller båt, og med batteri.

Batteri kapasitet – to typer : 2-4 timer og 4-8 timer



Kan bruke inntil 7 m slange.

Er godkjent på flyreiser

Vedlikehold av oksygenkonsentratoren

Tørk av utvendige flater ved behov.

Opne filterdeksel ein gong for veka.

Støvsug filteret og vask det i mildt såpevatn.

Skyll godt og la det lufttørke.

Set filteret på plass igjen når det er tørt

Dersom konsentratoren har vært i bruk i kaldt og/eller vått vær, la den stå og gå ca 1 time for å tørke. Start den opp og la den gå 1 gang i uka om den ikke har vært i bruk.

Stasjonær oksygenkonsentrator er mest eigna til nattleg bruk,
men Inogen G3 kan brukast om natta på korte overnattingsturar.



Filter

INOGEN Rove 6

Mobil O2 konsentrator, liten og lett. Vekt: 2.1 kg lite batteri og 2.6 kg med stort batteri. Supplement til stasjonær O2 konsentrator.

Leverar oksygen med innstilling frå 1 – 6 med sparefunksjon.

Leverast i veske eller ryggsekk



Brillekateter varenummer:
11903 2.1 meter
11902 1.2 meter
11900 7.1 meter

Bruk.

Både med strøm, i bil eller båt, og med batteri.

Batteri kapasitet – to typer : Max tid timer: 6.15 og 12.45

Batteritid	Innstilling	Strømforbruk[W]	8-cellsbatteri:	16-cellsbatteri:
			8-cellsbatteri/16-cellsbatteri	14,4 V, 3,2 Ah. [time:min]
1		14,6/14,8	6:15	12:45
2		18,7/18,4	5:00	10:15
3		26,9/26,7	3:15	6:30
4		37,8/37,4	2:15	5:15
5		48,5/48,4	1:45	3:30
6		61,5/61,1	1:15	2:30

Batteritider baseres på gjennomsnittsverdier, merk at tider kan variere avhengig av bruksforholdende.

Kan bruke inntil 7 m slange. Er godkjent på flyreise

Varenummer

Oksygenkonsentrator Rove 6 13724
Batteri 8 celler 13080
Batteri 16 celler 13081
Ekstern batterilader 13082
Strømforsyning (220volt) 13083
Inogen G5 Bæreveske 13084
Ryggsekk 13085
12 volts kabel 13086

Vedlikehold av oksygenkonsentratoren

Tørk av utvendige flater ved behov.

Opne filterdeksel ein gong for veka.

Støvsug filteret og vask det i mildt såpevatn.

Skyll godt og la det lufttørke.

Set filteret på plass igjen når det er tørt

Dersom konsentratoren har vært i bruk i kaldt og/eller vått vær, la den stå og gå ca 1 time for å tørke. Start den opp og la den gå 1 gang i uka om den ikke har vært i bruk.

Stasjonær oksygenkonsentrator er mest eigna til nattleg bruk, men Inogen Rove 6 kan brukast om natta på korte overnattingsturar.



Tilleggsutstyr G3

Ryggsekk



Ekstra batterilader:



Zen O transportabel oksygenkonsentrator

Supplement til stasjonær O2 konsentrator.

Leverer oksygen med innstilling frå 1 - 6 med sparefunksjon, og innstilling 0.5 - 2 med kontinuerlig flow.

Leveres tralle, ryggsekk er ekstra utstyr

Bruk

Både med strøm, 12 V i bil eller båt, og med oppladbart batteri.

Batteri kapasitet:

	Batterikapasitet standard batteri (t: min)*	Batterikapasitet med ekstra batteri
Innstilling 1*	4	8
Innstilling 2*	4	8
Innstilling 3*	3	6
Innstilling 4*	02:15	04:30
Innstilling 5*	02:00	4
Innstilling 6*	01:45	03:30
Kontinuerlig flow 0.5	03:00	06:00
Kontinuerlig flow 1	01:45	03:30
Kontinuerlig flow 1.5	01:15	02:30
Kontinuerlig flow 2.0	00:45	01:30

* ved en pustefrekvens på 18 i minuttet

Leveres med 2 batteri. Er godkjent på flyreiser. Kan brukast om natta på overnattingsturar. Kan bruke inntil 7 meter lang forlengelseslange.

Vedlikehald:

Tørk av utvendige flater ved behov



Inkludert i systemet



Zen-O med veske og tralle



Batteri



Nettlader



12V lader



Tilbehørsveske

Tilbehør



Ekstra batteri



Ryggsekk



Ekstern batterilader



Varenummer:

Zen - O 13087
 Strømforsyning, batteripakke 1352
 Kabel Zen O Eu 230 V 13953
 Adapter Zen:O 12 V sigarettplugg 13957
 Lader batteri ekstern Zen O 13959
 Bæreveske 13960
 Tralle Zen O 13961
 Ryggsekk Zen O 13962
 Veske tilbehør Zen O 13963
 Brillekateter 2.1 m 11903
 Brillekateter 1.2 m 11902
 Forlengelseslange 7.1 meter 11900
 Mellomstykke 11899

Revidert _____

Signatur _____

SimplyGO

Mobil oksygenkonsentrator. Supplement til stasjonær O2 konsentrator.

Leverer oksygen med innstilling frå 1 -5 med sparefunksjon, og innstilling 0.5-1-2 med kontinuerlig flow. Leveres med bæreveske og trillevogn

Bruk

Både med strøm, 12 V i bil eller båt, og med oppladbart batteri. Ladetid: 2-3 timer.


Batteri kapasitet:

	Puls innstilling					Kontinuerlig flow innstilling		
Innstilling	1	2	3	4	5	0.5	1	2
Tid	3.7 t	3.5 t	3.1	2.7	2.3 t	3.1	2.3	0.7

Leveres med 2 batteri. Er godkjent på flyreiser. Kan brukast om natta på overnattingsturar. Kan bruke inntil 7 meter lang forlengelseslange.

Vedlikehold:

Tørk av utvendige flater ved behov



Brillekateter vare nummer:
 1.2 meter 11902
 2.1 meter 11903
 7 meter lang slange 11900
 mellomstykke 11899



vare nr 10832

Revidert _____ Signatur _____

Kröber

Konsentratoren kan berre brukast med strøm. Oksygenflow frå 0.1 L/min – 6 L/min

Digital flowregulering

LCD-display



vare nr 10418

Stillegående (35db)

Kröber O2 brukast i tilfelle der nøyaktig flow-innstilling krevjast, t.d. <1 L/min

Vedlikehald:

Kabinettluftfilteret i bakveggen skiftes kvar måned.

Maksimal lengde på tilførselsslange er 15m

19.8 kg



Brillekateter vare nummer:

1.2 meter 11902

2.1 meter 11903

15.2 meter slange 11901

mellomstykke 11899

Revidert _____ Signatur _____

Til deg som får utlevert inhalasjonsapparat frå Helse Førde

Ved utlevering av inhalasjonsapparat skal du ha opplæring i bruk og vedlikehald.

Dersom du skal bruke Mucomyst eller antibiotika på inhalasjonsapparatet, må du ta kontakt for å få eit ekstra filter.

Forbruksmateriell

For å få nye filter, forstøvarbeger eller slange til inhalasjonsapparatet ring 94 80 53 44

Oppgi gjerne artikkelnummer som står på instruksjonsarket.

Faglege spørsmål kan rettast til

Oksygenjukepleiar tlf. 57 75 10 00/ 415 30 549

Lungesjukepleiar (medisinsk poliklinikk) tlf. 57 83 93 29

Reparasjon

Medisinsk teknisk avdeling har ansvar for reparasjonar av inhalasjonsapparat og kan kontaktast på dagtid frå måndag til fredag, tlf. 94 80 53 44

Dersom det oppstår problem med inhalasjonsapparatet utanom kontortid må du kontakte legevakt i eiga kommune, evt 113.

Tilbakelevering

Du kan låne inhalasjonsapparatet så lenge du har behov for det.

Behandlingshjelpemiddelet skal deretter returnerast Medisinsk teknisk avdeling i Helse Førde i forsvarleg pakka tilstand.

Forstøvarbeger, masker, slanger og filter skal ikkje retunerast

InnoSpire Deluxe

Elektrisk inhalasjonsapparat til alle typar inhalasjonsvæske.

Ved inhalasjon med Mucomyst eller antibiotika må du bruke ekstra ventilasjonsfilter med bakteriefilter. Mucomystdamp legg seg som eit seigt belegg og kan øydelegge elektriske apparat i heimen. Antibiotika og Pulmicort bør ikkje inhaleras av andre rundt deg. Ved inhalasjon av hypertont saltvann pustvekk frå maskina, sitt gjerne med ryggen til maskina.



vare nr 11912
Sidestream plus
Art.nr 12571 luftslange



varenr 11906
Filterhus




Vare.nr 11909
Filter
50 stk

Vedlikehald

- Tørk av apparatet med ein fuktig klut.
- Skift filter ved misfarging eller ca 2- 4 gonger i år.
- Forstøvarbeger og slange må skiftast ein gong i året eller ved behov.



Filter luft
Art.nr 12568



Sidestream plus med filter og filterhus
Art.nr 11907

Reingjering av forstøvarbeger er viktig for å unngå at medisinstoff restar tettar igjen og for å hindre oppvekst av bakteriar.

Etter kvar bruk

- Ta alle delane i forstøvarbegeret frå kvarandre og skyll dei i varmt (ca 40 grader), rennande vatn.

Daglig

- Ta alle delane i forstøvarbegeret frå kvarandre og vask dei i varmt såpevatn (t.d Zalo).
- Skyll alle delane i forstøvarbegeret i rennande vatn og la dei lufttørke.

Ein gong i veka

- Ta alle delane i forstøvarbegeret frå kvarandre og vask dei i varmt såpevatn. Skyll godt.
- Etterpå kan delane i forstøvarbegeret kokast i 10 min. Legg aldri slangen i vatn.
- Kok opp vatnet før du legg delane i forstøvarbegeret opp i gryta. Bruk aldri oppvaskbørste. La alle delane i forstøvarbegeret lufttørke etterpå.

Revidert _____ Signatur _____

NebulAir Plus

art nr 11858

Elektrisk inhalasjonsapparat til alle typer inhalasjonsvæske.

Ved inhalasjon med Mucomyst må du bruke ekstra ventilasjonsfilter med bakteriefilter. Mucomystdamp legg seg som eit seigt belegg og kan ødelegge elektriske apparat i heimen. Antibiotika og Pulmicort bør ikkje inhalerast av andre rundt deg. Ved inhalasjon av hypertont saltvann pustvekk frå maskina, sitt gjerne med ryggen til maskina.



Årssett forbruksvarer
art.nr 11867

Oppbevaringsbag Nebul Air Plus
art.nr 11862



Art.nr11856
Forstøverbeger
med
ventilasjonsfilter

Filterhus med filter
Art.nr 11855

Vedlikehald

- Tørk av apparatet med ein fuktig klut.
- Skift filter ved misfarging eller ca 4 gonger i år.
- Forstøverbeger og slange må skiftast ein gong i året eller ved behov.

Reingjering av forstøverbeger er viktig for å unngå at medisinstoffar tettar igjen og for å hindre oppvekst av bakteriar.



FilterArt.nr
11854

Forstøverbeger Art.nr 11857

Slange Art.nr 11822

Munnstykke Art.nr 11859

Etter kvar bruk

- Ta forstøverbeger delane i frå kvarandre og skyll dei i varmt (ca 40 grader), rennande vatn.



Daglig

- Ta forstøverbeger delane i frå kvarandre og vask dei i varmt såpevatn (t.d zalo).
- Skyll forstøverbeger delane i rennande vatn og la dei lufttørke.

Ein gong i veka

- Ta forstøverbeger delane i frå kvarandre og vask dei i varmt såpevatn. Skyll godt.
- Etterpå kan forstøverbeger delane kokast i 10 min. Legg aldri slangen i vatn.
- Kok opp vatnet før du legg forstøverbeger delane opp i gryta. Bruk aldri oppvaskbørste.
- La forstøverbeger delane lufttørke etterpå.

Revidert _____ Signatur _____

Innospire GO

Inhalasjonsapparat til alle typer inhalasjonsvæske, unntatte antibiotika. Oppladbart integrert batteri, lang levetid. Gjev opptil 30 behandlingar mellom kvar lading. Lading tar ca 2 timar. Apparatet er lite, lett og utan lyd.

Til bruk utanfor heimen, t.d. på jobb eller reise.

Behandlingstid 4 minutter, apparatet slår seg av automatisk når behandlinga er fullført.

Reingjering av forstøverbeger er viktig for å unngå at medisinrestar tettar igjen og for å hindre oppvekst av bakteriar.

Etter kvar bruk

- Ta av munnstykke og skyll dei i varmt (ca 40 grader), rennande vann.

Dagleg

- Ta av munnstykke og vask i varmt såpevann (t.d. zalo). La ikkje delane bli liggande i vatnet. Skyll delane etterpå og la dei lufttørke.

Ved behov

- Kan forstøverbeger og munnstykket kokast i 5-10 min., max 20 min (helst destillert vatn - aukar levetida på forstøverbegeret). Delane skal først vaskast i såpevatn og skyljast. Kok opp vatnet før du legg delane opp i gryta.
- Alternativ til koking: Legg delane i ei blanding av 3 delar varmt vatn og 1 del destillert kvit eddik i 30 min. Skyll grundig i varmt springvatn. La delane lufttørke

bruksanvisning via video (engelsk) <https://youtu.be/PT4vY0ujTrw>

Revidert _____ Signatur _____



nebulisator
art.nr 11870



munnstykker for ventil
3 deler art.nr 10972

Når du har slim

Det er viktig å få opp slim fordi

- du vert lettare i pusten
- det minskar risiko for infeksjon i lungene

Metodar for å løyse slim:

- djupe andedrag
- rørsle/aktivitet
- leppepust
- PEP-fløyte (evt. vassflaske)
- drikke, gjerne varm



djupe andedrag

Når slimet er begynt å løsne, forsøk med et par **hostestøyt**:

- **ta eit innpust, og støyt lufta ut att som når du skal lage dogg på spegel eller briller.**




Om du brukar PEP-fløyte (eller flaske), blås 5–10 gongar, ta så 2 hostestøyt. Ta ein pause der du pustar vanleg. Gjenta dette 2–3 gongar.

Når du er tung i pusten

kan du sette deg i ei kvilestilling og bruke leppepust. Kvilestillingar avlastar overkroppen, slik at musklane kan slappe av, og du brukar mindre energi. Leppepust roar pusten og opnar luftvegane slik at det vert lettare å puste.

Døme på kvilestillingar:



Prøv ut ulike kvilestillingar i betre periodar, og bruk den som høver best for deg.

Kanskje brukar du ein som fungerer godt?

Leppepust:

Pust inn vanleg, og pust ut gjennom lett samanpressa lepper (leppebremse). Du får då litt motstand på utpusten, og den vert forlenga.

Enkle øvingar for beinstyrke, rørsle i overkropp og pust.

Start gjerne med 5–10 repetisjonar. Auk på med til dømes 5–10 repetisjonar x 3 ved øving 1–3 etterkvart. Prøv deg fram etter kva form du er i.

1. Trappegang



Gå opp og ned på 1. steg med vekselvis Høgre og venstre bein

Gå eventuelt heile trappa

2. Knebøy



Stå med litt avstand mellom føtene. Bøy i knea samtidig som du held knea godt ifrå kvarandre. Strekk deg opp att.

Revidert _____ Signatur _____

3. Opp på tå og opp på hæl



Gå opp på tærne, og ned



Gå opp på hælane, og ned

4. Kroppsrotasjon med armstrekk



Sitt på ein kjøkkenstol, med rett rygg utan å lene deg til ryggstø

Legg ei hand på motsett kne.

Løft andre armen og beveg den bakover med tommelen opp.

Sjå på handa medan du fører den så langt bak du kan.

5. Sidebøy



Sitt på ein kjøkkenstol med rett rygg utan å lene deg til ryggstø.
Hald fast i stolsetet med eine handa, strekk den andre armen opp mot taket og over mot motsett side. Kjenn ein strekk i flanken. Bytt arm.

6. Skulderrulle



Plasser fingertuppene på skuldrene dine. Lag store sirkclar med albogane.
Prøv både framover og bakover.

Avspenning

Mange har muskelspenningar i kroppen som er meir eller mindre bevisste. Ved å lære seg avspenningsteknikkar kan ein redusere desse spenningane. Dette verkar positivt på pusten ved at den vert rolegare og djupare. Avspenning kan også lindre eventuelle smerter.

Finndeg ei god stilling – anten sittande eller liggande. Lytt til gjerne til ein avspennings-lydspor. Følg instruksjonen, men ikkje strev med å få det til. Om tankane skulle fly avgarde, er det naturleg. Gå berre tilbake til instruksjonen når du er klar til det igjen.

Du kan finne lydspor med avspenningsøvingar på ulike nettsider eller youtube. Det viktigaste er at du finn ei du synes er bra.



Her er eit forslag du kan teste:
Livsstyrketrening.no - her finn du ulike lydspor øverst i menyen på nettsida

Nyttige lenkjer

www.lhl.no Landsforeningen for hjerte og lungesyke

www.naaf.no Astma og allergiforeningen

www.nav.no NAV sitt nettsted

www.nhi.no Norsk helseinformatikk

<http://www.helsebiblioteket.no/Pasientinformasjon>

<http://www.linde-gastherapeutics.no> Aga gassleverandør sin heimeside

<https://www.felleskatalogen.no/medisin/bruk-av-inhalatorer/aerochamber>

<http://kolshjelpen.no/>

<http://www.parorendesenteret.no/hjem>

<https://meditek.no/o2-pa-reise/>

<https://www.helse-forde.no/avdelinger/medisinsk-klinikk/samhandling-og-tverrprofesjonelle-tenester/lerings-og-meistringssenter-lms/oppfolging-av-heimebuande-oksygenbrukarar/>